

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · 2022
93. årgang



Velkommen til kyrkja i påska!

Åselg og Åsøgtid

#1 · 2022

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS nr: 650484

Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannet på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjevevjerje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Natalia Furmankova, Kantor
451 96 255 |
natalia.furmankova@seljordkyrkje.no

Knut Ove Lofstad, Ungdomsdiakon
996 16 526 |
knut.ove@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Bergit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674
bergit.telnes@seljord.kommune.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no


Å feste blikket på Jesus

Faste og advent har mykje til felles i kyrkja. Både tidene nyttar lilla som liturgisk farge, og både tidene skal – gjennom stille, bøn og faste – vere med på å førebu oss for høgtida som ligg framføre oss.

Fastetida skal gjeve oss hjelp til å førebu oss for påskehøgtida.

Dei ulike sundagane i fastetida har ulike namn. Desse namna skal vere med på å gjeve oss hjelp til å sjå ulike sider av førebuingstida.

Den tredje sundagen i fastetida har tradisjonelt hatt det latinske namnet oculi, som tyder mine auge. Dette ordet er henta frå den gamle bøna som innleia



denne sundagen – bøna som har henta grunnstoffet sitt frå Salme 25,15: «Mine auge er alltid vende mot Herren».

Å førebu seg på påskehøgtid – gjennom bøn og faste – er å feste blikket på Jesus Kristus. Og når vi får festa våre auga på han, kan det hende som me syng om i påskesalmen:

*Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.*

Og samstundes: Når me får festa vårt blikk på han, vil han kunne feste sitt blikk på oss. Då skjer det som teksten for tredje sundagen i fastetida fortel om: Me blir sett, bekrefte og løfte opp.

Og dermed er me midt i sentrum av påskebodskapen – Jesu blikk som møter vårt blikk. Evangeliet fortel at Jesu blikk møtte Peters blikk i den avgjerande augeblikken.

Hans blikk gir oss det som påskesalmen kaller «kraften av en guddomsstråle»:

*Gode Frelser, kan jeg tåle
kraften av en guddomsstråle,
å, så send den fra deg ned!
Tenn meg, at jeg må, jeg arme,
full av ånd og hellig varme,
kjenne all din kjærlighet!*

God og velsigna påske til kvar og ein!
DHU



BYGGMAKKER
Seljord Elektriske
Telefon 35 06 50 00



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord



Takk for gáva

som blei gjeven til
Seljord sokn frå Seljord
pensjonistlag i samband
med gravferda etter
Helga Øverbø

Påska i kyrkja i Seljord



Påska vert naturlegvis markert på ulike måtar i kyrkja i Seljord. Slik ser programmet ut i år:

- » Palmesundag er det messe kl 11:00 i Flatdal.
- » Skjærtorsdag er det nattverdmesse på Nutheim kl 19:00. Etter messa er det kyrkjekaffe i den gamle prestegarden.
- » Langfredag kan du velje mellom Manndal kapell kl 11:00 og Seljord kyrkje kl 19:00. Då vert det pasjonsmesse både stader. Og har du lyst til å få med deg både to, så er du sjølv sagt hjarteleg velkomen til det.
- » Påskedag er det høgtidsmesse i Seljord kl 11:00. Det skal ikkje vere messe i Svartdal kapell i år.

Vel møtt i kyrkja!



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, Bibelforteljing og song.

VÅREN 2022:

Tysdag 19. april

Tysdag 10. mai

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(like ved Ungdomsskulen)

Trådlaust nett i kyrkjene våre

I løpet av den siste tida har det blitt sett opp trådlaust nett i kyrkjene våre i Seljord og Flatdal – såkalla wifi.

Det trådlause nettet vil gjerne det enklare å nytte vipps mellom anna til offer. Vil du logge deg på, kan du gjere dette ved å aktivere gjestenettet som har den aktuelle kyrkja som etternamn i innstillingane på telefonen din. Gjestenettet krev ikkje passord.

Åmotsdal kyrkje har førebels ikkje slikt utstyr.

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



www.notoddenbegravelse.no

Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no



KLÆR T. TVEITAN 1/3 INTERIØR-TEKSTIL

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Furuhogst ved Landstadmonumentet

I fjor haust leigde Seljord kommune eit firma til å gjera reint Landstadmonumentet. Det er kommunen som eig grunnen på Tremerrhaugen, og dermed også Landstadmonumentet. Monumentet som blei laga av Anne Grimdalen i 1951 skal illustrere den landskjende diktarpresten vår Magnus Brostrup Landstad på reise til sokneborn i Øvre Annex. Monumentet var nedgrodd av svart lav og trong reingjering. Det voks også sisselrot i fugene og på hesteryggen, og på toppen av monumentet var eit tykt lag av barnåler og mose som det rann lortevatn frå når det regnde.

Det firmaet som gjorde reint monumentet anbefalte at kommunen hogg ned dei furutrea som stod nærast, fordi trea var til skade for monumentet, og auka behovet for reingjeringar. I mars i år blei derfor seks av trea hogne av kommunen. Seljord sokneråd hadde også hatt ei synfaring

og vurdert situasjonen, og gjorde vedtak om å be kommunen om å hogge seks tre. Denne hogsten førte også til at Landstadmonumentet blei meir synleg for dei som kjem langs vegen frå Vallar, og gav monumentet ein meir framstående plass. Det er fint med tre, og den furulunden som står på Tremerrhaugen må takast vare på. Men det er Landstadmonumentet og kyrkja som gjev furulunden ein verdi som den ikkje hadde hatt langt til skogs, derfor må furulunden underordne seg Landstadmonumentet, og ikkje skygge for- eller skade det, men vera ei kulisse og ein miljøskapar bak monumentet. Stor takk til Seljord kommune for det arbeidet som er gjort for å ta vare på- og framheve det flotte og storslagne monumentet over ein person som i tillegg til diktinga også samla ei mengde eventyr, viser, segner og folkeminne.

Jon Svartdal



Jubileumsfeiring for Jarand Rønjom

I år er det 200 år sidan den kjente bygdekunstnaren Jarand Rønjom døydd. Det gjev oss eit høve til å stoppe opp ved noko av det denne mannen fekk til i løpet av livet sitt.



I løpet av året kjem der til å bli ei rekkje markeringar som minner oss på det denne åmotsdølen utretta.

Her kjem ein oversikt:

Sundag 1.mai: Sesongopning på Vest-Telemark museum, Eidsborg. Museet lagar ei Rønjomutstilling i år.

Sundag 12.juni kl.11.00: Stor folkemusikkmesse i Åmotsdal kyrkje. Torgeir Straand tek del med hardingfele på gudstenesta. Etter messa vert det omvising i kyrkja som Jarand Rønjom bygde, servering og meir felespel av Torgeir. Det vert også høve til ein rundtur til dei stadane i bygda der Jarand Rønjom har budd.

Sundag 17.juli kl.12.00: Friluftsgudsteneste i tunet på Kultan i Åmotsdal der Jarand Rønjom bygde og budde. Knut Buen tek del med hardingfelespel. Etter messa vert det omvising på Kultan. Seinare blir det kulturprogram nede på Sneie. Me får høyre om livet til Jarand Rønjom, og det

blir fortalt om nokre av handtverka som han var kjent for. Knut Buen vil spela på dette arrangementet også. Det vert høve til å kjøpe mat på Sneie. Der kan ein og sjå ei utstilling av gjenstandar som Jarand Rønjom har laga.

Laurdag 24. september: Rundtur med buss til kyrkjene som Jarand Rønjom bygde. Me startar i Åmotsdal kyrkje der me får omvising. Så køyrer me til Vinje kyrkje, og vidare til Rauland kyrkje. Programmet er ikkje heilt fastlagt enno, men det er gjort avtale med Lars Erik Øygarden om å ha ein liten konsert for oss i Rauland kyrkje. Vest-Telemark museum vil halde ope for oss denne dagen, slik at me kan få sjå Rønjomutstillinga deira.

Det vert også eit par matpauser i løpet av dagen. Følg med i Vest-Telemark blad for nærare program.

Me ynskjer dykk velkomne til feiring av Rønjomåret 2022!

Årets fasteaksjon: 2. – 5. april 2022

Kirkens Nødhjelp markerar 75-års jubileum i 2022, med håp som overordna tematikk. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er ein viktig del av markeringa, og har fått tittelen «Håp i ein dråpe vatn».

Det er krig i Ukraina, hundretusener er på flukt og ein alvorlig humanitær krise utviklar seg. Kirkens Nødhjelp med søsterorganisasjonar var raskt på plass med akutt nødhjelp som reint vatn, mat, tepper og hygieneartiklar til flyktningane.

Kirkens Nødhjelp utfører arbeid på vegne av kyrkjene i Noreg. Dei reddar liv og krev rettferd, og jobbar med nødhjelp i krisesituasjonar, i tillegg til langsiktig arbeid. Pengane som samlast inn i fastetida går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda. Dette gjer at Kirken Nødhjelp har moglegheit til å raskt mobilisere når kriser oppstår, slik som dei nå gjer for innbyggjarane i Ukraina.

Fokuslandet for årets fasteaksjon er Malawi. Tidlegare i år blei landet ramma av flom, og Kirkens Nødhjelp var til stades med krisehjelp. I tillegg jobbar Kirkens Nødhjelp også med langsiktig bistandsarbeid i landet, blant anna gjennom klimatilpassa jordbruk som nyttar vatning via dryppsystem.

Malawi er eit land som lenge har vore blant dei ti fattigaste landa i verda. Det er ca. 4 millionar som ikkje har tilgang til reint vatn. Veldig mange har ikkje elektrisitet, og få har moglegheit til å gå på skule. Det er altså eit veldig stort behov for hjelp til innbyggjarane i Malawi.

Seljord sokn er stolt av å vera ein del av eit så viktig prosjekt! Som kyrkje er det å hjelpe menneske i nød eit viktig ansvar. Me oppfordrar alle som kan om å gje pengar til dette viktige arbeidet. Du kan gje di støtte til fasteaksjonen på vipps nummer 2426. På sms: VANN til 2426 (250 kr.) Til gåvekonto: 1594 22 87493. Du kan også gje di gåve i kontantar. Det vil bli plassera bøsse i kyrkjene og i butikkar. 2.-5. april er sjølve fasteaksjonen, då vil alle husstandar få besøk av nokon med bøsse. Dette gjer me for at alle skal ha moglegheit til å vera med å gje.

Takk for di støtte!

Knut Ove Lofstad



Håp i ein drope vatn!

Konfirmasjonstidspunkt 2022

Seljord

27.8. kl. 11.00: Amalie Nenseter Sørensen,
Guro Venås Thorstensen, Sigrid Garvik,
Kristina Haugland Lie.

27.8. kl. 13.00: Silje Øygarden Torp, Karsten
Evan Karlsen Rinde, Maren Jordbakke-
Sigstad, Ingebjørg Skaret Skoe, Mari Vala-
Aakre, Celina Lauvstad.

28.8. kl. 11.00: Ingrid Andrup, Mats Groven
Johansen, Martin Eilefstjønn Berntzen,
Merete Myrvang.

28.8. kl. 13.00: Mario Pawel Kondracki,
Ingebjørg Moen Longvik, Iris Witczak Telnes.

Åmotsdal 14.8.

Julianne Dyrland og Thomas Kolnes Nordbø.

Flatdal 4.9.

Simen Greiner Nerbø, Sigrid Lien Kittelsaa,
Amerina Barstad og Jonatan Skogheim Angre.

Samtalegudsteneste 29. mai i Flatdal kyrkje

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker



BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERER**

Langfredagstankar

Hill deg, Frelser og forsoner!
Verden deg med torner kroner,
du det ser: jeg har i sinne
rosenkrans om kors å vinde,
gi meg dertil mot og hell!

Kjærligheten, hjertegløden
sterkere var her enn døden.

Du for vår skyld alt forsaker,
og i lydighet du smaker
korsets død i alles sted.

Du som har deg selv meg givet,
la i deg meg elske livet,
så for deg kun hjertet banker,
så kun du i mine tanker
er den dype sammenheng.

Ja, jeg tror på korsets gåte
gjør det, Frelser, av din nåde.
Stå meg bi når fienden frister,
rekk meg hånd når øyet brister,
si: Vi går til Paradis!

Grundtvig




Påskemorgen slukker sorgen

Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.

Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde

for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris



Bøn for land og folk i Ukraina

Heilage, treeinige Gud,
du som er kjelda til visdomen,
freden og kjærleiken!

Saman med kyrkjer i heile verda kjem
vi til deg og ber: Verna folket i Ukraina!

Kom med di trøyst til alle dei som
er redde og som er i dei krigs- og
konfliktramma områda.

La dei erfare din kjærleik og fred,
og gjennom det finne mot til gode
gjerningar.

Til deg kjem vi med vår uro og ber
om fred i Europa og verda.

Gi leiarane i verda visdom, mot
og handlekraft til å avslutte
krigshandlingane, redde menneskeliv
og finne fredelege løysningar.

Jesus Kristus, du som er lys for verda,
kom med din fred!



Flyktningar frå Ukraina

Krigen i Ukraina har i skrivande stund
vart i tre veker. Over tre millionar men-
neske har flykta til eit av nabolanda.

Noreg kjem til å ta imot ei mengd flykt-
ningar, og Seljord kommune har sagt
seg villige til å busetje 50, og huse inntil
100.

Som kyrkje bør me også stille opp for
våre søsken som flyktar frå eit land i
Europa fordi eit naboland har gått til
krig mot dei.

Eg vil oppmode dykk alle til å vera kre-
ative og tenkje på korleis du kan møte
nokre av dei som kjem til kommunen
vår slik at dei kjenner seg velkomne.
Raudekrossen og Frivilligsentralen er alt
i gang med å koordinere dette. Kanskje
du kan bli ein velkomstven som kan
møte flyktningar og hjelpe dei med å
finne seg til rette i Seljord? Det er sikkert
bruk for nokon som kan køyre til skule/
barnehage eller til butikken. Me håpar
at ungane kan bli med på idrett og an-
dre kulturarrangement, og då treng dei
også nokon til å fylgje seg.

Eller kanskje du kan invitere nokon
heim til eit enkelt måltid. Det er også
bruk for husvære til fleire flyktningar.

Ta kontakt med Anne Marie på Frivil-
ligsentralen dersom du kan bidra som
velkomstven heller bidra som frivillig
på andre måtar.

Seljord sokneråd ved
Bergit Lisleåsheim Telnes

Gåve til Seljord sokn



Seljord sokn har fått eit fint bilete av Seljord kyrkje i gåve av Ellen Skjøtskift frå Rauland.

Ellen Skjøtskift har måla dette biletet sjølv. I dag heng biletet på ein av veggane til Seljord kyrkjekontor.

Me er mykje takksame for gåva.

Me skulle gjerne hatt litt bilete frå dei andre kyrkjene våre og. Er du ein av dei som sit med bilete av kyrkjene våre, og har lyst til å vere med på å pynte kyrkjekontoret vårt, må du gjerne ta kontakt.

*Maleri: Seljord kyrkje,
måla av Ellen Skjøtskift.*

Tårnagentgudsteneste i Åmotsdal



Sundag 24. april skal det vere Tårnagentgudsteneste i Åmotsdal kyrkje.

Tårnagentgudsteneste er ein del av trusopplæringsarbeidet i Seljord sokn. Alle åtteåringar i kommunen vert innbydde.

I Åmotsdal skal dei få bli kjent med kyrkja og dei ulike romma og delane av og i kyrkjebygget. Mellom anna skal dei få oppleve kyrketårnet frå innsida.

Opplegget byrjar kl 10,00. Borna får eige opplegg/program, medan eventuelle foreldre som kjem vert tekne hand om med litt kaffe og kake.

Etter at tårnagentopplegget er ferdig, vert det Tårnagentgudsteneste i kyrkja kl 12,00.

Det kjem eiga innbyding i posten til alle åtteåringane i kommunen.

Takk at du tok mine byrder



Takk at du tok mine byrder,
Eit høgfjell av skuld og av skam.
Du bar det på skuldrene dine,
Du skuldlause sonofferlam.

Takk at du bar mine synder,
Betalte mi skyhøge skuld.
Med blod frå ditt fullkomne hjarta,
Og ikkje med sylv eller gull.

So vil ved korset eg standa,
Med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
Med Jesus til æveleg tid.

– Trygve Bjerkreim



Kyrkja sin årsfest

I 2022 skal dei som driv frivilligt arbeid heidrast. Difor skal temaet for årsfesten vera: Å arbeide som friviljug i samfunnet. Me ber inn alle til kyrka sin årsfest torsdag 28. april kl 18.00. Me samlast på samfunnshuset i Flatdal, men det er viktig å få med seg at denne festen er for alle som har eit forhold til kyrkje og kristenliv i Seljord kommune.

Av programmet kan me nemne:

- Song og musikk ved Seljord barnekor under leiing av Gunn Steinstad og Oddbjørn Aase
- Tale om å arbeide som friviljug ved prostidiakon Eilev Erikstein
- Quiz
- Allsong
- Kort samandrag av rekneskap og årsmelding for Seljord sokn
- Orientering om kyrkja sitt program i sommar
- Servering av lapskaus, kaffi og kake

Dersom du har bruk for transport kan du ringe Bergit Telnes (90 69 16 74) eller Jon Svartdal (91 72 39 67)

Få med deg familie, vener og kanskje ein nabo og møt opp til fest!

Alle er hjarteleg velkomne!

Seljord sokneråd ved Bergit
Lisleåsheim Telnes

Jarand Aasmundson Rønjom – den største Kunstner i hele Øvre-Tellemarken

av Lene Kleivi



Kultán – gammalt bilde.

Foto: Johan Meyer, Riksantikvaren.

Jarand Åsmundson Rønjom vert stadig reikna som den mest allsidige bygdekunstnaren Vest-Telemark har fostra. Han vart fødd på den no attlagte garden Uppistogo Rue i Åmotsdal 19.mai 1750, og flutte seinare til Kultán og Rønjom.

Rue var på denne tid gjestgivargard, og gjennomgangstrafikk av både handelsreisande og embetsmenn i området gjorde at nye impulsar fann vegen til fjells. Funn frå mellom anna jernalderen, syner at det var tidleg aktivitet i Åmotsdal. Bygdelag som i dag kan verke avsides, kan i eldre tider ha ligge sentralt til alt ettersom

ferdselsårer og grunnlag for innkome endrar seg. Så også med denne bygda, som låg strategisk plassert langs Hardingslepa. Jarand skal ha synt seg å vera evnerik allereie i ung alder, og truleg lærte han seg metallstøyping tidleg.

Ein modelkistil (eit skrin til støype-modellar) med inskripsjonen J 1765, vitnar om at han dreiv med støyping allereie som ung gut. Truleg var det snakk om støyping av metall til spanner, seletøy og liknande, men kunnskapen om metallet vidareførte han både til produksjon av ur og sylv, samt våpen og låsar. I tillegg til å

arbeide med metall, var Rønjom ein flink tømrrar som mellom anna sette opp stover på Angre, Øvre Berge og Bakken, husa på Kultan samt det vidgjetne Kleivi-loftet. Totalt skal Jarand har truleg laga mellom 30 og 40 stoveklokker, og i ein alder av 50 år skal han ha prøva seg som sylvsmed. Fyrste gong Rønjom vart omtala som ein dugeleg handverkar, var i Wille sin beskrivelse av Seljord prestegjeld som vart utgjeven i 1786:

Jaran Osmundsøn Rui udmerker sig i Mechaniske, da han uden ringeste Underviisning, kun ved synet af et andet Stueuhr, har forfærdiget 17 paa en Tid af 10 Aar, der alle holde Prøve med det bedste Engelske. Han forfærdiger desuden smukke Beslag, Skydegeværer og Pistoler; og passerer derfor med Rette for den største Kunstner i hele Øvre-Tellemarken.

Då Wille skreiv dette, hadde ikkje Jarand verken byrja som sylvsmed eller sett opp kyrkjene han er så kjent for. Rønjom var byggmeister for kyrkja i Åmotsdal som vart innvigd i 1792, samt Vinje kyrkje frå 1796. Kyrkjene i Rauland og Hjartdal, som er av same arkitektur, vart sett opp av Halvor Høgkasin som arbeidde saman med Rønjom. Difor er det retteleg å seie at Rønjom var hjernen bak desse også, sjølv om

han ikkje er oppført som byggmeister. Det seiast at Jarand reiste til Skien for å arbeide etter bybrannen, og skal ha fått inspirasjon frå anten Mariakyrkja som brann i 1777, eller av Christianskyrkja som vart oppført på same stad kort tid etter. Begge desse var korskyrkjer i stein.

Jarand gifte seg med Gunhild Jonsdotter Trae i 1779 og fekk åtte born, men berre fem av dei vaks opp. Sonen Aasmund Jarandson Rønjom var den som vidareførte sylvsmedkunsten i familien, og den seiste Rønjomsylvsmeden døydde i 1971.

I 2022 er det 200 år sidan Jarand Rønjom døydde, og i dette minneåret vil det bli sett fokus på denne særmerkte bygdekunstnaren frå fleire hald. Soknerådet i Seljord, Eva Bull Holtes museum i Åmotsdal og Vest-Telemark Museum i Eidsborg ynskjer å heidle Rønjom gjennom ulike tilskipingar og utstillingar. Det vert også gjeve ut ei eiga bok om denne bygdekunstnaren, der ein kan lesa utfyllande om biografi og dei ulike fagområda hans.

På minnesteinen ved Åmotsdal kyrkje, har Olav T. Bakken dikta fylgjande minneord:

*Han laga klokkor – fine ur.
Han bygde kyrkjer, stovor, bur.
Han smida sylv for mang ei brur
– ein sermerkt, evnerik natur.*

Program Granvin kulturhus vår og haust 2022

7. april kl. 18:00	Teater Ibsen "Reven, grisungen og konglesugeren"
8. april kl. 20:00	Sjefen's musikkbingo
27. april	Norsjø kammermusikkfest
4. mai	Internasjonal matfestival
7. mai	Korpskonsert Seljord skulemusikk og Kviteseid hornmusikk
13. mai	Musikkbingo
14. mai	Shotocup Telemark Karate
2. juni	Konsert med kulturskulelærarband og gjestar
9. juni	Kulturskulekonsert
2. september	Teater Ibsen «Linda Eide har ei høne å plukka med Herborg Kråkevik»
21. oktober	Riksteatret: Detektivbyrå nr. 2 – Operasjon Teater
22. oktober	Loppemarked
28. oktober	The Johnny Cash & June Carter Show med The Boys named Sue

Programmet til Seljord bibliotek

28.04:	Bjarne Øygarden lanserer bok om sin mor, Aud Øygarden, og hennar kunstsalong.
09.05:	Stein Versto: Dei store gåtene og den gode viljen – streif i Tarjei Vesaas' diktning
01.09:	Leif Ekle – «Olgas bok. Et stille liv i arbeiderklassen»

Møter i Seljord sokneråd, vår 2022

Seljord sokneråd er eit offentleg utval, og møta er såleis opne for alle.

Me har som oftast møta på Seljord kyrkjekontor i Brøløsvegen 48A, men skulle det bli endringar blir dette kunngjort på Seljord kyrkje sine heimesider.

Våren 2022 har me sett opp desse møtedatoane:

Onsdag 6. april

Onsdag 11. mai

Onsdag 15. juni

Møta startar kl 18.00 og varer vanlegvis i to til tre timar.

Bergit Lisleåsheim Telnes



Føremiddagstreff på Seljord misjonshus, vår 2022

Seljord Normisjon, møte

Tysdag 19. april kl. 18.00.

Kjell Johan Nenseter har gjennomgang av teksten for komande søndag, Joh. 20. 24.-32.

Tomas møter den oppstadne Jesus.

Søndag 24. april kl. 19.00.

Sangmøte med Herdis og Øyvind Jørgensen.

Seljord Nordmisjon har oppdatert møteprogram på www.seljordindremisjon.no

Føremiddagstreff på Sion Flatdal

Onsdag 20. april kl. 11.00

Onsdag 11. mai. kl. 11.00

Arrangører er Kyrkja, Misjonslaget og Sion.

Songkveld på Samfunshuset

1. fredag i månaden. Kl. 19.00

6. mai.

Arrangører er Kyrkja, Misjonslaget og Sion.



Flatdal Handlaft as
Telemark



www.flatdalhandlaft.no

3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billetter på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Inngangsparti Seljord Kyrkje



Det har alltid vore eit problem for folk som er dårlege til beins å koma seg inn i Seljord kyrkje. Det mangla ei rullestolrampe og trinna var høge for somme.

Det har likevel vore svært vanskeleg å få lov til å gjera noko med det på grunn av at kyrkja og grunnen rundt er totalfreda, og alle forandringar må godkjennast av Riksantikvaren og Fylkeskommunen og Biskopen.

Det er Riksantikvaren som er strengast, og i løpet av dei siste tjue åra har vi hatt folk derfrå tre gonger på synfaring for å finne løysingar. Riksantikvaren syntest dei to fyrste gongene ikkje å vera interessert i forandringar, men så kom der ein ny riksantikvar som var litt kyrkjeleg av seg som gjorde ting litt enklare. Då vi omsider fekk greie på det søkte vi om å få lov til å laga ny trapp med rullestolrampe.

Vi fekk arkitekt Pål Sylwester Witczak til å teikne det nye inngangspartiet, og planen blei godkjent. Anleggsgartnar

Steinar Fossan blei hyra inn for å gjera jobben, og han henta steinheller frå Hellestad i Bø.

Jobben blei gjort seinhaust i fjor, og vi er svært nøgde med arbeidet. Han måtte kutte tjukke heller for å få dei til å passe saman. Alle dei steinane som var i den gamle trappa blei brukte. Når ein skal bera kister ut frå kyrkja må ein gå ned trappa rett fram, og der var den gamle trappa for smal på nokon av trinna, slik at berarane knapt fekk føtene inn på trinna med kiste mellom seg.

Dersom ein samanliknar med bildet på framsida så ser ein at den nye trappa er breiare, og at det øvste trinnet er høgare og i høgde med dørstokken i våpenhuset no.

På grunn av stor høgdeforskjell mellom dørstokken og terrenget rundt så var det dessverre ikkje mogeleg å få rullestolrampa så slak som den ideelt sett skulle vera. Ein må vera sterk i armane for å trille seg aleine inn i kyrkja. Som de ser på bildet på framsida så manglar vi rekkverk ved rullestolrampa.

Pilegrimsvandring frå Trollebotn til Garvik

Sundag 19. juni skal det vera pilegrimsvandring frå Dale i Trollebotn til Midtigard Garvik. Det var nonnene ved Gimsøy kloster som åtte Garvik i middelalderen. På denne tida var det vanleg å gje gåver i form av jordeigedommar til klostera slik at nonnene kunne gå i forbøn for gjevaren og familien hans. Dette blir kalla votivgåver.

Tradisjonen vil ha det til at Storegarvik ein gong i mellomalderen var i Gimsøy kloster si eige, og at nonnene hadde eit kapell der.

Det heiter vidare at ei dør som står i loftet på Midtigard Garvik skal koma frå dette kapellet.

Den 19.juni vil me gå frå Trollebotn på gamle stigar, og koma fram til Fiskhøl. Så gjeng turen vidare framom Gåsdaalen og ned til Garvik. Ragnar Haugstøl blir med som kjentmann. Han kan både fortelja og synge tradisjonsstoff. I løpet av turen får me høyre både om Gonil Dale som blei tatt inn i berget, Mannslagaren, Olav Garvik, og Sterke-Nils. Dette blir ein dagstur der de må syte for å ha mat og drikke til heile dagen.

Når me kjem fram til Garvik vert det ei uteguds-teneste der kapellet etter tradisjonen skal ha stått. Det er planlagt å starte der kl. 17.00. Det vert også høve til å sjå døra frå kapellet som står i loftet på Midtigard.

Alle detaljar ved arrangementet er ikkje klart enno, så de må fylgje med i Vest-Telemark blad for nærare kunngjering, men sett av datoen 19. juni til pilegrimsvandring.

Eit slikt arrangement er sjølv sagt svært avhengig av godt vær. Skulle det bli dårleg vær, må pilegrimsvandringa gå ut, men messe kan me ha på Nes bedehus.

Seljord sokneråd og Seljord sogelag

Slekters gang

Døypte:

Mannal

Hauk Olsen Nordbø

Flatdal

Asbjørn Rue

Ørjan Rue

Tarjei Barstad Haugan

Seljord

Pia Paulsen Høie

Døde:

Seljord

Hildur Jenssen

Astrid Bø

Helga Øverbø

Ingrid Soterud Norgaard

Jorunn Tveit

Anne-Grethe Magnussen

Trygve Grave

Rolf Lien

Flatdal:

Ingrid Haugen

Marie Bakkemoen

Slgne Svartdal

Åmotsdal

Gudrun Dyrland

Inger Elise Nordgarden

Svein Høydal



Ragnar Haugstøl.

Gudstenester

Palmesøndag – 10. april

Flatdal kyrkje kl 11,00

Offer: Misjonsprosjektet NMS

Skjærtorsdag – 14. april

Nutheim kapell kl 19,00

Offer: Ungdomsarbeidet

Langfredag – 15. april

Manndal kapell kl 11,00

Seljord kyrkje kl 19,00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

Påskedag – 17. april

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Misjonsprosjekt NMS

2.s.i påsketida – 24. april

Åmotsdal kyrkje kl 12,00

Tårnagentgudsteneste

Offer: Barnearbeidet

3.s.i påsketida – 01. mai

Flatdal kyrkje kl 11,00

Offer: Sjømannsmisjonen

4.s.i påsketida – 08. mai

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Kirkens familievern

5.s.i påsketida – 15. mai

Inga messe i soknet

Grunnlovssdag 17. mai

Seljord kl 10,30

Flatdal kl 12,00

Åmotsdal kl 14,30

Offer: barnearbeidet

6.s.i påsketida – 22. mai

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Helgetorsdag – 26. mai

Inga messe i soknet

7.s.i påsketida – 29. mai

Flatdal kyrkje kl 11,00

Samtalegudsteneste.

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

Pinsedag – 05. juni

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Stefanusalliansen

Treeiningssundag – 12. juni

Åmotsdal kyrkje kl 11,00

Folkemusikkmesse

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

2.s.i treeiningstida – 19. juni

Garvik kl 17,00

Offer: Helg & Høgtid

3.s.i treeiningstida – 26. juni

Flatdal kyrkje kl 11,00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

4.s.i treeiningstida – 03. juli

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5.s.i treeiningstida – 10. juli

Flatdal kyrkje kl 11,00

Offer: Alpha

6.s.i treeiningstida 17. juli

Kultan i Åmotsdal kl 12,00

Folkemusikkmesse

Offer: Helg & Høgtid

7.s.i treeiningstida – 24. juli

Flatdal kyrkje kl 11,00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Olsok – 29. juli

Seljord kyrkje kl 19,00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

9.s.i treeiningstida – 07. aug

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Diakoniarbeidet

10.s.i treeiningstida – 14. aug

Åmotsdal kyrkje kl 11,00

Konfirmasjon

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

10.s.i treeiningstida – 14. aug

Flatdal kyrkje kl 19,00

Offer: Diakoniarbeidet

11.s.i treeiningstida – 21. aug

Manndal kapell kl 11,00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Serverting av graut etter messa

12.s.i treeiningstida – 27. aug

Seljord kyrkje kl 11,00 og 13,00

Konfirmasjon

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

12.s.i treeiningstida – 28. aug

Seljord kyrkje kl 11,00 og 13,00

Konfirmasjon

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

12.s.i treeiningstida – 28. aug

Kveldsmesse med nattverd

Seljord kyrkje kl 19,00

Offer: Diakoniarbeidet

13.s.i treeiningstida – 04. sept

Flatdal kyrkje kl 11,00

Konfirmasjon

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

14.s.i treeiningstida – 11. sept

Dyrskuplassen kl 11,00

Offer: Kirkens Nødhjelp

15.s.i treeiningstida – 18. sept

Seljord kyrkje kl 19,00

Offer: Menighetsfakultetet

16.s.i treeiningstida – 25. sept

Åmotsdal kyrkje kl 19,00

Offer: IKO

17.s.i treeiningstida – 02. okt

Flatdal kyrkje kl 19,00

Offer: Normisjon

18.s.i treeiningstida – 09. okt

Seljord kyrkje kl 11,00

Offer: Misjonshuset

19.s.i treeiningstida – 16. okt

Flatdal kyrkje kl 11,00

Utdeling av kyrkebok til 4-åringar

Offer: Barnearbeidet

20.s.i treeiningstida – 23. okt

Seljord kyrkje kl 11,00

Seljord NMS 150 år

Offer: NMS

Bots- og bønadedag – 30. okt

Flatdal kyrkje kl 11,00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

